



Jan Thomsen

Dato: 17.01.2017  
Vår ref.: 2014/23823-10  
Saksbehandlar: irevelu  
Dykkar ref.:

## Svar på epost om veglys langs Fv 150 på Søre Selbjørn, Austevoll kommune

Det vert vist til dykkar epost av 14.11.2016 vedkommande veglys langs Fv 150 på Søre Selbjørn i Austevoll kommune. Det vert også vist til epost frå Statens vegvesen Region vest av 07.12.2016.

Kompleksiteten rundt veglys er stor, - dette gjelde både etablering av nye veglys, og ikkje minst eigarskap, drift og vedlikehald av allereie eksisterande veglys på fylkesvegnettet.

I Statens vegvesen si Handbok N100 Veg- og gateutforming er krav til lyssetjing teke inn. Når ein omtalar gater forstår ein først og fremst gater i sentrum av byar og tettstadar og sentrumsnære bustadområde. Utanom byar og tettstadar er det vegar som gjeld, som Fv 150.

I Handbok N100 bør følgjande vegar belysast:

- Vegar med parallellført gang- og sykkelveg
- Gang- og sykkelvegar som ikkje følger hovudvegen
- Planskilte eller oppmerka kanaliserete kryss med stor kompleksitet
- Strekningar med mykje kryssande vilt

Med bakgrunn i det som ligg i Handbok N100 har ikkje Fv 150 gang- og sykkelveg og store komplekse kryss, samt det er låg trafikkmengde på vegen.

Det er ikkje krav til å etablere ny lyssetjing på eksisterande fylkesvegar. Føremålet med lys langs vegane er primært å redusere ulukkesrisikoen i mørke, altså eit trafikksikringstiltak. Dersom det skal etablerast nye lys langs eksisterande fylkesvegnettet er det ut frå ei trafikktryggleiksvurdering. Ved etablering av nye veglys må dette i første omgang følgjast opp på investeringsbudsjettet, og dernest med auke råmer på drift-/vedlikehaldsbudsjetten for fylkesvegane.

Frå Statens vegvesen vert fylkeskommunen rådd til å vere tilbakehalden med å godkjenne etablering av nye lys langs fylkesvegane som ikkje er i heimla trafikktryggleik eller i Handboka N100. Om Hordaland fylkeskommune skal etablira nye lys langs Fv 150 på Søre Selbjørn vert vurdert saman med andre trafikktryggleikstiltak i Hordaland. Det er ikkje sett av midlar til veglys langs Fv 150 for 2017.

John Martin Jacobsen  
seksjonsleiar Vegseksjonen

Irene Velure  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*